

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 19/711-4

## **Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2018**

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:**

**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Rapport etter gjennomgang av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2018 vert teken til vitande.

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

### **Vedlegg:**

- Rapport etter gjennomført kontroll av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2018

### **Andre relevante dokument i saka:**

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Kontrollutvalet legg årleg fram ei sak til fylkestinget om desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala. Kontrollsjef ba 28. januar i år Deloitte om å komme med forslag til ein prosjektplan for stikkprøvekontroll (desisjon) av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Kontrollutvalet behandla prosjektplanen 11. februar og bestilte desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala med utgangspunkt i prosjektplanen.

Føremålet med saka er å få gjennomført ein stikkprøvekontroll av møtebøker og saker som er protokollert perioden 1.1.2018 – 31.12.2018 ved å kontrollere:

- om vedtaket i den enkelte sak er gjort av et organ med fullmakt til å gjere slikt vedtak
- om vedtaket er i samsvar med norsk lov, eventuelle andre relevante regelverk
- om vedtaket er i samsvar med budsjettvedtak, formål og om det er innanfor rammene av vedtak i fylkestinget

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok rapport etter gjennomførde kontrollar 15. mai.

Revisor har definert revisjonskriterium, som innsamla data er blitt vurdert opp mot.

Revisor har gjennomført stikkprøver og sett nærare på 12 vedtak fatta av fylkesutvalet og dei tre hovudutvala. Det er berre sett på saker der fylkesutvalet eller hovudutvala har fatta endelege vedtak.

Revisor har i stikkprøvegjennomgangen ikkje funne avvik i dei vedtaka som er fatta av fylkesutvalet og hovudutvala i 2018.

Fylkesrådmannen har avgitt høyringsuttale, der han skriv at han ikkje har kommentarar til høyringsutkastet frå revisor.

### **3. Konklusjon**

Kontrollutvalet har fått gjennomført desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2018. Deloitte skriv at dei ikkje har funne avvik i gjennomførde stikkprøver av fylkes- og hovudutvalsvedtak frå 2018.

Det vert på bakgrunn av dette rådd til å ta rapporten til vitande.